

Kjærleik og naturterapi i koronaens tid



AV JOHN PETTER LINDELAND, STYRELEIAR NHH

Å halda avstand var noko Florentino Ariza hadde god trening i. I nøyaktig 51 år, ni månader og fire dagar skulle det gå før han kunne vera tett inntil sin Fermina Daza. Det var ikkje koleraen som skilte dei frå kvarandre, men eit langt ekte-skapleg mellomspel som andre hadde bestemt. Florentino Ariza var ikkje eit godt nok parti for pater familias.

Kvifor den nobelprisvinnande colombianske forfattern Gabriel García Márquez valde tittelen Kjærleighet i koleraens tid ¹⁾ til denne kjærleikshistoria, kjem fram på side 77 i boka. Og av alle ting – spesielt i desse covid-19 tider – er det ein homøopat som får denne æra ved at han stillar diagnosen etter nøye utspørjingar av både den kjærleikssjuka sonen og mora, og «nok en gang kunne han

Å halda avstand var noko Florentino Ariza hadde god trening i.

konstatere at kjærlygheten har de same symptomene som kolera»: laus mage, grøn oppkast og ei sterk avmaktskjensle. Dette er inga ironisering av homøopaten eller homøopatien, men heller ein hyllest til ein klok terapeut som klarte å skilja mellom symptom som høyrer til livet sine forbigåande hendingar – og reel sjukdom. Han hadde rett: den kjærleikssjuka mannen hadde ikkje kolera. Difor føreskreiv han berre lindeblomte og tilrådde luftendring. For Florentino Ariza var det likevel uinteressant om han hadde kolera eller ikkje. Han ville heller nyta sitt martyrium, og fekk støtte av mora: «Du skal benytte anledningen når du er ung til å lide alt du bare kan – for den slags varer ikke hele livet».

MYTER OG FEILINFORMASJON

Sjølv om det ikkje direkte kan overførast til den situasjonen me har i dag, er det likevel noko i mentaliteten til denne kloke homøopaten som samsvarar med den strategien NNH valde i samband med utbrotet av covid-19. Me gjekk tidleg ut med at det var viktig at alle våre medlemmer stilte seg solidarisk til helsestyresmaktene sine tilrådingar, ettersom situasjonen både var uoversiktleg, men også at kunnskapsgrunnlaget om denne pandemien var mangelfull. Eksplosjo-

nen på diverse sosiale plattformer om velmeinande råd og forslag til behandling, gjorde at me også gjekk ut med ei oppmoding til medlemmene om å bidra med å demma opp for myter og feilinformasjon som sirkulerer om koronaviruset og naturmedisin ²⁾. Inntrykket mitt er at denne oppmodinga er blitt respektert. At me samstundes også fekk drahjelp frå vår samarbeidspartnar – World Naturopathic Federation (WNF) – gjorde at vår oppmoding fekk ein internasjonal legitimitet. Deira samarbeid med WHO, styrkar trua på at WNF blir ein viktig stemme framover når det gjeld å fremja den naturmedisinske behandlingstradisjonen både nasjonalt og internasjonalt. Oppsummeringa av forskning om naturmedisin som kan visa seg å ha effekt i samband med covid-19, blir offentleggjort seinare.

DEN GODE VILJEN

Ein slik strategi står ikkje i motsetning til den gode viljen me naturterapeutar har i oss til å ville hjelpa våre medmenneske. Den må berre ikkje formulerast og ytast i ein form som kan bli oppfatta som generell sanning eller marknadspromotering, men vera i tråd med det som er formulert i § 6 i Lov om alternativ behandling av sykdommer.

Også har det også noko med å velja tidspunkt for sine terapeutiske kjepphestar og erfaringar. Dei passar best når ein har kome attende til normale tilstandar og evalueringsarbeidet skal starta. Då kan alle innspel vera nyttige både med omsyn



til beredskapsstrategiar, kosthald og livsstil, vår bruk og misbruk av antibiotika til både menneske og dyr, fattigdomsproblematikken, globalisering, økonomisk ulikskap osv. Dette kjem heilt sikkert til å vera på agendaen i evalueringa frå WHO. Når det gjeld kosthald og livsstil, som mange har vore oppteken av, vil korrigerering i høve at me alle i høg alder sannsynlegvis vil ha ein underliggjande sjukdom – føra til at denne faktoren kanskje ikkje vil vera så utslagsgjevande for dødsraten som mange hevdar. Dette er sjølv sagt ikkje noko argument for å tona ned naturmedisinen sitt generelle fokus på persontilpassa kosthald for den enkelte og fremjing av ein helsefremjande sunn livsstil - heller tvert imot!

Det må vera eit rettferdig samsvar mellom pålagt arbeidsforbod og kompensasjonsordning.

KOMPENSASJONSORDNING

Undersøkingar som NNH har gjort, viser at mange av våre medlemmer fell utanfor kompensasjonsordninga som er vedtatt. Mange opplever dette som djupt urettferdig. Å få eit arbeidsforbod og dermed eit

Me naturterapeutar har stilt oss solidarisk i høve helsestyresmaktene sine råd og vedtak.

betydeleg inntektstap, blir ekstra vond å bera når dei fine talane frå regjeringa om kompensasjon ikkje samsvarar med det som i ettertid viser seg som realitet. Det er viktig at sårbare inntektsgrupper som sjølvstendig næringsdrivande, ikkje får ei oppleving av at dei blir belasta med ein byrde som burde fordelast jamt og rettferdig i befolkninga. Det må vera eit rettferdig samsvar mellom pålagt arbeidsforbod og kompensasjonsordning. Om ikkje dette er til stades, vil det svekka motivasjonen til å delta i den kollektive dugnaden – som er heilt avgjerande for kva resultat ein får på lang sikt.

På mange måtar er dette ein repetisjon av det som ein ofte opplever i politiske prosessar som har med pengar å gjera: store tal gjev politikarane blinde og orienteringslause, medan småpengar til dei som har lite frå før, blir møtt med yrkeslause diskusjonar og byråkratiske forordningar. Det er nok å nemna skattefinansierte byggjeskandalor som Noreg Bank, garasjar under Stortinget – og nå

det nye regjeringskvartalet. Her blir inndekking av feilslåtte vurderingar gjort utan det får vesentlege konsekvensar for dei ansvarlege. Eg har til dags dato aldri opplevd at politikarar – eller for den slags næringslivstoppar – har fått avkorta si løn og godtgjersle i slike samanhengar.

Når dette er sagt: regjeringa skal ha ros for å ha vist leiarskap i denne krevjande tida. Innhald og form i kommunikasjonen til det norske folk har vore prega av både eit tydeleg språk og omsorg for dei som er blitt mest ramma.

KJÆRLEIKEN

Det heiter at kjærleiken skal tola alt. Eg trur likevel at kjærleiken i seg sjølv ikkje toler urettferdig praksis. Me naturterapeutar har stilt oss solidarisk i høve helsestyresmaktene sine råd og vedtak. Det minste me kunne forventast tilbake, er ei rettferdig kompensasjonsordning som styrkjar den gode norske dugnadsanda.

For dei aller fleste, blei 20. april ein dag som skapte ny optimisme. Endeleg kunne me ta i mot både gamle og nye pasientar og utføra vår gjerning etter same etiske standard som den kloke colombianske homøopaten - og samstundes passa på at våre smitteverntiltak er i samsvar med dei råda me har fått frå Helse- og Folkehelseinstituttet ³⁾.

1. https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2010030403040?page=13

2. <https://nnh.no/aktuelt/koronavirus-behandling-myter/>

3. <https://www.helsedirektoratet.no/veiledere/smittevern-faglig-forsvarlig-drift-i-helsevirksomheter-med-en-til-en-kontakt-covid-19>